

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8072-5

## **Eldre har vorte avvist når dei tek opp meir enn eit sjukdomsbilete med fastlegen sin**

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

#### **1. Samandrag**

Det vart i møte 28. oktober teke opp under ymse-posten i skriv og meldingar, at fylkesrådet har vorte kjent med at ein del eldre har vorte avvist, når dei har teke opp meir enn eit sjukdomsbilete med fastlegen sin.

Fylkesrådet ville følgje opp saka, med å informere kommunane i fylket og fylkeslegen om dette.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådet for eldre vedtok følgjande uttale:

Fylkesrådet for eldre har vorte kjent med at ein del eldre har vorte avvist, når dei har teke opp meir enn eit sjukdomsbilete med sin fastlege. Dei eldre vert oppmoda om å bestille ny time for å ta opp fleire problem. Dette ser fylkeseldrerådet på som ein svært uheldig praksis.

Fylkesrådet for eldre sender dette over til kommunane i fylket, og dei kommunale råda, og ber dei ta opp problemstillinga i sine kommunar. I tillegg sender fylkesrådet for eldre denne problemstillinga over til fylkeslegen, og ber han følgje opp saka.